
Fra: Liv Myklebust
Sendt: 7. mai 2023 09:55
Til: Postmottak OED
Emne: Høyringssvar frå Voss herad, NOU 2023:3 Mer av alt - raskere

Kategorier: Rosa kategori

Hei,

Voss herad ynskjer å gi sitt innspel til høyringa av NOU 2023: 3: Mer av alt – raskere. På grunn av ein intern feil hjå oss har me ikkje sendt inn innan fristen 2.05.23. Me ber likevel om at Voss herad sitt innspel vert teke med til vurdering. Under er høyringsinnspel som vart vedteke av Voss heradsstyre:

«Voss herad støttar kommisjonen sine vurderingar om behovet for auka energieffektivisering og energiproduksjon fram mot 2030 og 2050.

Voss herad meiner det er viktig å behalde vertskommuneordninga. Utbygging av ny fornybar energi krev at naturen vert tatt i bruk, noko som er eit stort hinder for framtidig kraftprosjekt. Den over 100 år

lange ordninga er eit godt middel for å sikra lokal forankring og lokal deltaking i kraftutbygging, gjennom at ordninga sikrar at det vert liggande att verdiar i lokalsamfunnet der krafta vert produsert. Ordninga støtter opp under kommunane som stiller areal og ressursar tilgjengeleg for å sikra energiproduksjon til heile storsamfunnet. Dette er eit viktig prinsipp som Voss herad meiner må vidareførast. I tillegg meiner Voss herad at ordninga må reviderast slik at det passar til dagens utbyggingsforhold. Nye kraftutbyggingar skil seg i form frå tradisjonell utbygging, med mindre innslag av regulerbar kraft. For å sikra lokal tilslutnad til nye prosjekt er det difor viktig at nye prosjekt fell inn under ordninga. I tillegg må det koma tilsvarende ordningar på plass for andre typar av ny fornybar kraftproduksjon.

Noreg har lange tradisjonar for å sikra norsk eigarskap på kraftproduksjon, herunder gjennom eksempelvis heimfallsretten og krav til offentleg eigarskap. Voss herad opplever at det ikkje lenger er same fokuset på å sikra slikt eigarskap, då mykje av den nye kraftutbygging som har funne stad i Norge dei siste åra er gjort av utanlandske eigarar. Voss herad meiner at dette er særslig uheldig, og meiner at norske styresmakter må gjera meir for å sikra norsk eigarskap. Norsk eigarskap sikrar at verdiskapinga vert verande i Noreg.

Voss herad støttar kommisjonens forslag til at flaumvern kan kombinerast med kraftproduksjon der dette er mogleg. Samstundes som verneplan for vassdrag ligg fast, kan dette vera eit viktig middel for å kunna realisera tilstrekkeleg flaumvern der investeringane ikkje kan finansierast på annan måte.

Kommunane har hatt ei sentral rolle i utviklinga av energisystemet i Noreg. Voss herad meiner det er viktig at kommunane også vidare har slik sentral rolle. Voss herad støttar kommisjonen i at det bør oppretta eit nasjonalt kompetansesenter som kan støtta opp under kommunane sitt arbeid.

Spesielt i

mindre kommunar er det vanskeleg å ha tilstrekkeleg oppdatert kompetanse innanfor alle aktuelle fagfelt. Eit felles nasjonalt kompetansesenter vil bygga oppunder den lokale styringsretten.

Kommunane har god kjennskap til lokalsamfunna og kan bidra til å sikre ein balansert utvikling av kraftsektoren, kor omsynet til natur, miljø og lokale interesser vert ivaretatt. Finansiering av senteret må ikkje føra til auka utgifter for kommunane.

Voss herad meiner det er viktig at også kommunar bør kunna få tilskot til ENØK-tiltak i kommunale

bygg. Kommunar eig og driftar store bygg som nyttar mykje energi, men har avgrensa midlar å prioritera til vedlikehald og rehabilitering. Det bør vurderast tilskotsordningar for ENØK-tiltak til offentlege aktørar.

Utbygging av nettkapasitet er viktig for å sikra infrastruktur for nye energikjelder og auka produksjon. Det bør vurderast insentivordningar for å å byggja ut tilstrekkeleg med nettkapasitet.

Energikommisjon peikar på kor viktig det er med ein heilskapleg energipolitikk, der energi- og klimapolitikk vert sett i samanheng. Voss herad støttar opp om ei slik tilnærming, men tykkjer at ein heilskapleg energipolitikk ikkje berre ser samanhengen til klimapolitikk, men også til ei kvar tid gjeldande naturpolitikk. Med ny naturlov og føringar lagt i denne, vil det å finna ein berekraftig balanse

mellom energi- og kraftproduksjon, klimautfordringar og det å ta vare på naturen verta krevjande i åra

som kjem. Det lyt tenkjast nytt om forhaldet mellom energiproduksjon, klima og natur. Me lyt saman finna løysingar på energi- og klimakrise som ikkje øydelegg naturen si evne til å oppretthalda velfungerande økosystem. For kommunane vil det då vera viktig med klare føringar frå statleg hald, gjerne i form av krav om økologisk balanse i utviklinga lokalt, som til dømes på linje med dagens krav om økonomisk balanse i kommuneøkonomien».

Håpar på positiv tilbakemelding om høyringssvar vert teke med.

Med venleg helsing

Liv Myklebust
Stabssjef, Strategi og styring

